



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 22.01.2018
Vår ref.: 2014/24390-7
Saksbehandlar: endnils
Dykkar ref.:

Førebels fråsegn - Bergenhus - Gnr 168 bnr 563 m.fl. - Mulebanen - Privat planarbeid - Bergen kommune

Hordaland viser til innspel i høve varsel om oppstart av planarbeidet datert 6.8.2013 der vi bad om at planarbeidet særleg tek omsyn til kulturminneinteressene i området, då det er nasjonale kulturminneverdiar knytt til anlegget Christinegården.

Vi vil her gje førebels innspel til planen som den er presentert no etter møter med Bergen kommune 21.12.2017 og 16.01.2018.

Bakgrunn og føremål med planarbeidet er å legge til rette for:

- Ny fotballbane med kunstgras
- Etablere barnehage for ca. 100-120 barn med tilhøyrande uteareal
- Ny idrettshall med tilhøyrande garderobebeanlegg
- Betre tilkomst for gående, syklande og køyrande
- Parkeringsanlegg tilknytt fleir brukshallen
- Betre parkeringssituasjonen ved idrettsbanen

Planområdet er i kommunedelplan Sandviken og Fjellsiden Nord, plan id 15750000 i hovudsak avsett til friområde, der eksisterande stiar er vist som grøntkorridor fra Formannsvei til Fjellveien. Planområdet som grenser mot sjølve lystgarden Christinegård er vist som bevaringsområde.

Kommunedelplanen er eit viktig reiskap i forvalting av kulturminna i Sandviken som det ikkje bør dispenserast i frå.

Dagens regulering til friområde og bevaring gjev historisk kontinuitet i høve til hageanlegget til lyststaden, og ei endring av føremål og bruk vil kunne svekke kulturminneverdiane i anlegget. Slik planprogrammet er lagt fram på høyring er det ikkje i tråd med kommunedelplanen.

Det er positivt at ein i planarbeidet skal greie ut særlege forhold knytt til Christinegård sine hageanlegg; Hageterrassen foran huset frå 1700-talet og landskapsparken opp mot Mon Plaisir frå 1830-talet. Hageanlegga er mellom anna nemnd i Schnitler: *Norske haver i ny og gammel tid* frå 1916, som er ein viktig historisk kjelde til kunnskap om området.

Tiltaka som er foreslått i planprogrammet er særleg arealkrevjande og må vurderast i høve til kulturminneinteressene. Det er planlagt sambruk mellom landskapsparken og ny barnehage for ca. 100-120

barn, dvs. at delar av landskapsparken skal fungere som uteområde for barnehagen. For å kunne etablere uteområdet vil ein måtte gjøre store inngrep i terrenget. Dette meiner vi vil få negative konsekvensar for dei nasjonale kulturminneinteressene knytt til heilskapen av anlegget Christinegård. Det er òg uheldig at den ålmenne bruken verte innskrenka.

Vi rår difor til at formålet barnehage vert teken ut av planen. Ein underjordisk fleirbrukshall under dagens Mulebane kan vurderast etablert om den føyer seg inn etter kulturminneinteressene i området og tek omsyn til landskapsrommet.

Etablering av eit grøntanlegg/hageanlegg for ålmenta oppå dagens mulebane i landskapsparken, vil kunne gje positiv verkand i høve nasjonale kulturminneinteresser, og samstundes vere i tråd med Kommunedelplan for Sandviken og Fjellsiden nord og kommunedelplan for blågrønn infrastruktur i Bergen (2012-2020), "Grøntmiljøplanen".

Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne i planområdet, men området har potensial for funn av slike. Regulering av området til idrettshall, ballbane, parkeringsanlegg og barnehage gjer det naudsynt å krevje ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova. Ei slik undersøking er naudsynt for å klarleggja om tiltaket også vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kostnadene ved ei slik undersøking må dekkast av tiltakshavar jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på omsynet til kulturminne. Dersom planforslaget gjev negative konsekvensar for nasjonale kulturminneverdiar knytt til heilskapen eller deler av anlegget Christinegård, kan Hordaland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Endre Sten Nilsen
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.